



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

SIVA - Selskapet for industriekst SF  
Postboks 1253 Sluppen

7462 TRONDHEIM

Dykkar ref Vår ref  
11/52-2 KM

Statsbudsjettet 2011 - Oppdragsbrev

## 1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2010–2011) for departementet, til Innst. 16 S (2010–2011) og til orienteringsbrevet datert 5. oktober 2010.

I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til SIVA over kap. 552, post 72. Brevet inneholder også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovenfor.

Tabell 1. Midler som blir stilt til disposisjon for verksemda til SIVA i 2011

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kroner
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	71 000

Den samla løyvinga på kap. 552, post 72 er 459,75 mill. kr. Av desse midlane blir 71,0 mill. kr stilte til rådvelde for SIVA. Vedlegg 1 inneholder ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

## 2 Overordna utfordringar og prioriteringar

SIVA skal bidra til innovasjon og næringsutvikling gjennom eigedomsverksemd og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i alle delar av landet. SIVA har eit særleg ansvar for å medverke til å fremme vekstkrafta i distrikta, jf. vedtekten til SIVA av 30.5.2007.

## 2.1 Sektorpolitiske mål og styringssignal

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstrygging*. Om distrikts- og regionalpoli-

*tikken*. Regjeringa ønskjer å gje folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe eit spreidd busetnadsmønster som sikrar verdiskaping i heile landet og som tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten i landet. Regjeringa vil styrke lokal og regional vekstkraft i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketallet. Regjeringa vil leggje til rette for å styrke og utnytte verdiskapings- og kompetansemiljøa i heile landet for å fremme innovasjon og verdiskaping i byane og distrikta. Nettopp samspelet mellom by og land er viktig for norsk næringsutvikling.

Løyvinga skal nyttast til å fremme varig verdiskaping i område med særlege utfordringar. Departementet vil at midlane skal bidra til gode omstettings- og utviklingsprosessar i bedrifter og næringsmiljø. Vidare er det eit ønske at innovasjons- og næringsmiljø skal stimulerast til vidare vekst gjennom sterke samarbeid mellom bedrifter og/eller FoU-institusjonar.

Departementet legg vekt på at midlane til SIVA i all hovudsak skal brukast innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Bruk av midlar utanfor virkeområdet må ha ei særskild grunngjeving og må sjåast i samanheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten ([www.regjeringen.no/krd-retningslinjer](http://www.regjeringen.no/krd-retningslinjer))

## 2.2 Satsingsområde

### *Kvinner som målgruppe*

Regjeringa la i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*. Målet er at det skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei nye entreprenørane innan 2013. Departementet ber SIVA arbeide for ein auke i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene.

Departementet ber SIVA om å skaffe fram relevant statistikk for utviklinga i prosentdelen av kvinner i dei aktuelle programma og tenestene, i dialog med departementet.

## 3 Nærare om målstrukturen og dei einskilde postane og ordningane

Departementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

*Tabell 2. Samanhengen mellom arbeidsmål og program under SIVA, med ei samla økonomisk ramme på 71 mill. kr i 2011.*

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2011. Mill. kr
1.1 Styrke næringsmiljø	Næringshageprogrammet	25,0
	FoU-inkubatorprogrammet	16,0
	Regionalisering og nettverk	3,0
1.3 Entreprenørskap	Kvinnovasjon	11,0
	Industri-inkubatorar	14,0
	Inkubatorprogram for mat og naturbaserte næringar	2,0

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knytter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gjevne rammene for programma. I retningslinjene for kap. 552, post 72 er det frå og med 2011 teke inn eit nytt punkt om slike kostnader.

#### Arbeidsmål 1.1

*Næringshageprogrammet.* Midlane skal gå til utfasing av det noverande næringshageprogrammet og til oppstartning av eit nytt program frå andre halvår 2011.

Departementet sluttar seg i hovudsak til forslaga som vart fremma av arbeidsgruppa som utgreidde innhald i eit nytt næringshageprogram. Hovudmålet for det nye programmet skal vere å bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av kunnskapsarbeidsplassar i distrikta.

Programmet skal gjennom utviklingsaktivitetar bidra til nyskaping og bedriftsetableringar og til vidareutvikling og vekst i eksisterande bedrifter. I tråd med forvaltningsreforma skal fylkeskommunane ha eit utvida ansvar for gjennomføring av programmet enn tidlegare. Dette inneber større fleksibilitet for regionale tilpassingar og færre nasjonale føringer.

Departementet ber SIVA invitere til deltaking i programmet. Fylkeskommunane og SIVA skal saman velje ut dei næringshagane som skal delta, og fastsetje regionale programmål.

Næringshageselskapa skal ha ein utviklingsressurs for å kunne arbeide med bedriftsutvikling. Denne skal finansierast gjennom eit årleg driftstilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet, fylkeskommunane og bedriftene. Tilskotet frå departementet gjennom SIVA er på inntil 50 pst. Bedriftene skal dekkje 25 pst. av driftskostnadene. Det er

forventa at fylkeskommunane, eventuelt saman med kommunane eller andre, dekkjer dei siste 25 prosentane.

Departementet legg til grunn ein programperiode på fem år frå 2012 og vil be SIVA om ein endeleg programplan når dei økonomiske rammene for programmet ligg føre.

*FoU-inkubatorprogrammet.* FoU-inkubatorprogrammet får tildelt 16 mill. kr for 2011. Midlane skal rettast mot inkubatormiljøa utanfor universitetsstadene. Departementet ber SIVA arbeide aktivt for å sikre at tilbodet av inkubatortenester blir så likt som råd i alle delar av landet. Departementet ber derfor om at SIVA legg særleg vekt på å utvikle den distribuerte inkubatorløysinga for å leggje til rette for tilvekst av bedrifter med vekstpotensial innanfor det distriktpolitiske virkeområdet.

SIVA skal, mellom anna gjennom denne satsinga, vidareføre arbeidet for å auke innovasjonstakta i Nord-Noreg og for å realisere nordområdestrategien til regjeringa.

2011 er siste året i det noverande inkubatorprogrammet. Departementet har teke imot innspel frå SIVA om eit nytt programkonsept med oppstart frå 2012. Departementet er innstilt på å føre vidare ei satsing på inkubatorar frå 2012, men innhaldet i og omfanget av ei vidareføring av programmet må avklarast som del av den ordinære budsjettprosessen fram mot 2012.

*Regionalisering og nettverk.* Til Regionalisering og nettverk er det sett av 3 mill. kr for 2011. Midlane skal gå til dei innovasjonsaktivitetane SIVA driv i dei einskilde regionane, til samhandling mellom ulike innovasjonsselskap og til SIVA i rolla som pådrivar i regional og nasjonal verdiskaping. SIVA skal, innanfor ramma av denne løvvinga, føre vidare det forsøksarbeidet med utvikling av regionale innovasjonsselskap som er i gang.

*Kultur/næring – kulturinkubator.* Departementet har ikkje funne rom for ei eiga øyremerk til løvving til satsing på kultur/næring i innovasjonsnettverket til SIVA for 2011. Departementet oppmodar likevel SIVA om å halde oppe eit eige engasjement retta mot prosjekt innanfor kultur/næring, bygt på dei ordinære løvvingane til dei aktuelle programma.

### Arbeidsmål 1.3

*Kvinnovasjon.* SIVA får i 2011 tildelt 11 mill. kr til arbeidet med å styrkje entreprenørskap blant kvinner. Arbeidet skal halde fram til og med 2013. Nokre av midlane kan også brukast til å styrkje samarbeidet mellom verkemiddelaktørane og synleggjere gode førebilete innanfor entreprenørskap. Departementet ber om at SIVA prioriterer arbeidet med å følgje opp den følgjeevalueringa av Kvinnovasjon som er sett i gang.

*Industri-inkubatorprogram.* Det er sett av 14 mill. kr til Industri-inkubatorprogrammet i 2011. Midlane skal brukast til å vidareføre programmet i tråd med tidlegare føringer og

rammer. Av desse midlane er det øyremerket inntil 2,7 mill. kr til saman til industri-inkubatorane i Harstad og Hammerfest. 2011 er siste året for denne øyremeringa.

*Inkubatorprogram for mat og naturbaserte næringer.* Det er sett av 2 mill. kr til Inkubatorprogram for mat og naturbasert næringer i 2011. Midlane skal gå til å gjennomføre Inkubatorprogrammet for mat og naturbaserte næringer i samsvar med godkjende planar.

#### **4 Andre føresetnader**

##### *Vilkår og retningslinjer*

SIVA skal sjå til at midlane blir disponerte i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i departementet sin budsjettproposisjon for 2011, budsjettinnstillinga og vedtaket i Stortinget. Midlane skal disponerast i samsvar med regelverket for økonomitring i staten, programomtalene, retningslinjene for kap. 552, post 72 og regelverket for offentleg støtte innanfor EØS-avtalen (jf. vedlegg 2).

SIVA skal etablere system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomitring i staten*. Det er også viktig at ein tek etiske omsyn i sakshandsaminga. Midlane skal forvaltast etter prinsippa for mål- og resultatstyring.

SIVA skal varsle departementet om avvik frå dei vedtekne planane eller oppdragsbreva straks verksemda får kjennskap til slike avvik.

##### *Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane*

SIVA skal vidareføre det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om felles programsatsingar som NCE-programmet og kvinnedelsatsinga. Departementet ber også SIVA vidareføre samarbeidet med fylkeskommunane og med andre aktørar, til dømes Distriktsenteret og Ungt entreprenørskap.

##### *Kommunikasjon og informasjon*

SIVA skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følgje av innsatsen på politikkområdet til departementet, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. SIVA skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar som er gjennomførte eller rapportar som er bestilte for midlar frå KRD. I tråd med dei avtalte rutinane skal SIVA varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor merksemd i det offentlege. Departementet forventar at SIVA kjem med forslag til moglege profileringar, og at SIVA tek kontakt med departementet for å få avklara om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og enkeltsaker.

#### **5 Rapportering og resultatoppfølging**

##### *Overføring av midlar*

Departementet vil overføre rammene til SIVA i like store delar tre gonger i året: i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2010 med mindre vi får melding om noko anna.

#### *Rapportering*

Departementet syner til vedlegg 3 *Rapporteringskalender*, og vedlegg 4 *Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra KRD*. Vedlegg 4 er oppdatert i høve til rapporteringssystemet for programkategori 13.50 frå januar 2011. Rapporteringa blir mellom anna nytta i departementet si aktivitetsrapportering i Prop. 1 S.

Departementet ber om at SIVA vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet i den skriftlege årsrapporten.

Departementet ber òg om å få rapport om utviklinga i prosentdelen av kvinner i alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er utdelt.

Kap. 552, post 72 er ein tilskotspost, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på posten som blir brukt til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved sjølve forvaltninga av midlane. Departementet har derfor etablert ein ny variabel, administrasjons- og gjennomføringskostnader, der desse midlane skal registreraast.

#### *Rekneskap og kontroll med løyvingane*

SIVA skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktør og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

#### *Evalueringar*

Økonomireglementet (§ 16) krev at det blir gjennomført evalueringar av dei ulike aktivitetane. Både SIVA som organisasjon og dei store programma er nyleg evaluerte. Det programmet som står for tur, er Inkubatorprogrammet for mat og naturbaserte næringsar. Departementet ser det slik at det er for tidleg å evaluere dette alt i 2011, men det er viktig at SIVA allereie under gjennomføringa tenkjer på ei framtidig evaluering av programmet, og at registreringane og rapporteringa blir utforma slik at arbeidet med evalueringa kan gjerast så enkelt som råd.

Med helsing



Liv Signe Navarsete

## Vedlegg

1. Oversikt over fordelinga av kap. 552, post 72 mellom alle verkemiddelaktørane og departementet.
2. Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72
3. Rapporteringskalender for 2011
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virke-midlene fra KRD

## Kopi til:

Distriktsenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling  
Fylkeskommunane og Oslo kommune  
Innovasjon Noreg. Hovudkontoret  
Noregs forskingsråd  
Nærings- og handelsdepartementet  
Plan- og administrasjonsavdelinga i KRD  
Riksrevisjonen